



Majo eiendom AS
Att. Magnus Helgesen
Fosse
5911 Alversund

Dykkar ref.

Vår ref.
2006/508 - 1303/2006

Saksbehandlar – tlf.
Erling Molland - 56 37 56 37

Arkivkode

Dato
22.06.2006

Byggesak - riving av eksisterande bustad og oppføring av nybygg - bustad

Delegert sak handsama av avdelingssjefen.

Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken 24.03.2006

teikningar i målestokk 1:100

situasjonsplan i målestokk 1: 1000

kvittering for sende/mottekne nabovarsel

søknad om lokal godkjenning av føretak

søknad om ansvarsrett

kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld riving av eksisterande bustad og oppføring av ny på same kotehøg. d.

Vurdering :

Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 gjev avdelingssjefen dispensasjon frå Pbl. § X

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1) Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 15.09.2005. med OK. ferdig golv i 1. etasje på kote 62,5.

Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, og dokumentasjon skal sendast til kommunen **omgåande** (PBL § 70 nr. 1).

2) Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vassforsyning, og privat avløpsnett for området. Avtale om tilkopling til privat avløpsnett må vera underskriven av alle partar.

3) I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad og melding om utføring sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planer.

4) Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett og godkjenning av føretak for følgjande fagområde:

Riving / brenning av eksisterande bustad

5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **punkt 2 og 4** i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

MAJO bygg AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: SØK heile tiltaket og PRO/KPR/ prosjektering av småhus og UTF/KUT tømrararbeid og betongarbeid, tiltaksklasse 1

Alversund Maskinstasjon AS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: UTF/KUT for grunn- og terrengarbeid, tiltaksklasse 1.

Stendal VVS vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: PRO/KPR UTF/KUT for sanitæranlegg inklusiv stikkleidningar i tiltaksklasse 2.

Lindås kommune, geodata vert lokal godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: PRO/KPR og UTF/KUT for byggplassering tiltaksklasse 1.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

Med helsing

Lars Johan Haukås
avdelingssjef

Erling Molland
avdelingsingeniør